



Kommunen er opteken av at kommunen sitt område på Skorpo er ryddig og tiltalande. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saksbehandlar Grethe Sandvik i kommunen har no sendt til Ole Kristoffer Vågen på Skorpo eit forslag til leigeavtale for delar av moloen. Det har vore kontakt mellom Vågen og kommunen om leige av areal til å plassera eit saghus på moloen, som er kommunen sin eigedom.

Leigeperioda er sett til inntil 10 år. Hvis Vågen ynskjer at avtalen skal vere for lengre tid, er det krav om at området vert frådelt og handsama gjennom ei delingssak,

I samband med dette skriv Sandvik slik:

”Sidan moloen på Skorpo er bygd for alle grunneigarane på Skorpo og også for ålmenta, synes kommunen at det er svært viktig at tilførselsvegen ut på moloen til ei kvar tid er open for fri ferdsel og at kommunen sitt område er ryddig og tiltalande og ikkje lenger vert nytta som lagerplass for Dykkar verksemd”

Av Ola Matti Mathisen